

# Kyrkjevalet 2023



## Nr. 8.8.2:

## Mottak av stemmer på valtinget

### Rettleiing

Gjer veljaren kjent med prosessen og vis veljaren til valavlukket.

- Valet skal skje usett og i einerom.
- Veljaren kan stemme ved eitt eller begge vala. Viss veljaren berre vil stemme ved eitt val, kan vedkomande ikkje kome tilbake seinare og stemme ved det andre valet.
- Veljaren skal berre velje ei liste ved kvart av vala.
- Det er lov å stemme blankt.
- Veljaren kan, men må ikkje gjere endringar. Instruksjon om dette står på setelen.
- Stemmesetelen skal brettast ein gong, med kandidatlista inn.

### Mottak av stemme

1. Gjer veljaren kjend med reglane og prosessen for stemmegivinga.
2. Vis veljaren inn i avlukket.
3. Be om legitimasjon.
4. Finn veljaren i manntalet og kryss av.
  - a. Viss veljaren stemmer ved begge vala: Kontroller at veljaren har to stemmesetlar av ulik farge.
5. Stemple stemmesetelen/stemmesetlane.
6. Veljaren legg stemmesetlane i valurna.

### Legitimasjon

Viss stemmemottakar kjenner veljaren, er det ikkje nødvendig å vise legitimasjon. Viss ein ukjend veljar ikkje kan bevise identiteten sin, får ikkje vedkomande stemme og må kome tilbake med gyldig legitimasjon.

